

Agder Historielag

Postboks 136
4662 Kristiansand S
bankgiro 3000.20.36165
agder@historielagene.no
Mobil 458 65 237



ÅRSMELDING 2021

Styremedlemar og personlege varamedlemar før årsmøtet 25.09.21:

Birgit Attestog, Setesdal sogelag. På val i 2021

Vara: John Seldal, Øyestad historielag. **På val i 2021.**

Arna Berg, Åseral sogelag. På val i 2021.

Vara: Helge Wiig, Holum historielag. **På val i 2021**

Dag Magne Johannessen, Arendal historielag. På val i 2021.

Vara: Åse Trondal, Stokken historielag. **På val i 2021.**

Helge Røed, Gjerstad historielag. På val i 2021.

Vara: Harald Søren Storaker, Austad historielag. **På val i 2021.**

Judith Cathrine Horrisland, Øvrebø historielag. På val 2022.

Vara: Oddmund Valand Eikeland, Mandal historielag. **På val i 2022.**

Lars Petter Østeby, Høvåg museums- og historielag. På val i 2022.

Vara: Per-Kristian Finstad, Fjære historielag. **På val 2022.**

Anne Tone Aanby, Åmli historielag. På val i 2022.

Vara: Torstein Andersen, Søndeled og Risør historielag. **På val i 2022.**

Olav Flottorp, Audnedal historielag. På val i 2022.

Vara: Kjell Ove Sætren, Mandal historielag. **På val i 2022.**

Leiar: Birgit Attestog på val som nestleiar i 2021.

Nestleiar: Arna Berg på val som leiar i 2021.

Styremedlemar og personlege varamedlemar etter årsmøtet 25.09.21:

Birgit Attestog, Setesdal Sogelag. På val i 2023.

Vara: Torgeir Moseid, Setesdal Sogelag. **På val i 2023.**

Arna Berg, Åseral Sogelag. På val i 2023.

Vara: Kåre Kvåle, Hægebostad Sogelag. **På val i 2023.**

Judith Cathrine Horrisland, Øvrebø Historielag. På val i 2022.

Vara: Osmund Valand, Mandal Historielag. **På val i 2022.**

Lars Petter Østeby, Høvåg Historielag. På val i 2022.

Vara: Per Kristian Finstad, Fjære Historielag. **På val i 2022.**

Anne Tone Aanby, Åmli Historielag. På val i 2022.

Vara: Torstein Andersen, Sønedeled og Risør Historielag. **På val i 2022.**

Olav Flottorp, Audnedal Historielag. På val i 2022.

Vara: Kjell Ove Sætren, Mandal Historielag. **På val i 2022.**

Dag Magne Johannessen, Arendal Historielag. På val i 2023.

Vara: Åse Trondal, Stokken Historielag. **På val i 2023.**

Per Christian Gieving, Sønedeled og Risør Historielag. På val i 2023.

Vara: Harald Søren Storaker, Austad Historielag. **På val i 2023.**

Leiar: Birgit Attestog vald som leiar i 2022.

Nestleiar: Arna Berg vald som nestleiar i 2022.

Valkomiteen før årsmøtet 2021:

Arne Lervik, Austad historielag, Lyngdal. **På val i 2022.**

Jan Osmundsen, Tromøy historielag. **På val i 2022.**

Signe Rysstad, Vennesla historielag. **På val i 2021.**

Jan Einar Henriksen, Sønedeled og Risør historielag. **På val i 2021.**

Styret valde Arne Lervik til leiar av valkomiteen.

Valkomiteen etter årsmøtet 2021:

Arne Lervik, Austad Historielag. **På val i 2022.**

Jan Ommundsen. Tromøy Historielag. **På val i 2022.**

Signe Rysstad, Vennesla Historielag. **På val i 2023.**

Helge Røed, Gjerstad Historielag. **På val i 2023.**

Styret valde Arne Lervik til leiar av valkomiteen.

Rekneskapsfører:

Frank Olsen, Regnskap Sør.

Revisor:

Team Revisjon AS

Organisasjonssekretær/dagleg leiar:

Martin Sturla Ledang 40 % stilling.

Verksemda i laget:

Styret.

Styret har hatt 3 styremøte, 18. september, 16. oktober og 23. november. Det planlagde styremøte 17. mars blei avlyst grunna korona.

Arbeidsutval.

Arbeidsutvalet har bestått av leiar, nestleiar og eitt styremedlem, Helge Røed. Arbeidsutvalet har hatt fleire møte, både fysiske og digitale, og elles kontakt over telefon.

Redaksjonskomité for magasinet Egde.

I tillegg til organisasjonssekretæren, som redaktør, har styret oppnemnd arbeidsutvalet som redaksjonskomité.

Valnemnd.

Styret oppnemnde Arne Lervik til leiar av valkomiteen. Valnemnda gjer eit grundig arbeid og startar tidleg i tråd med retningslinene som vart vedtekne i 2019.

Kontorlokale og arkiv.

Agder Historielag har kontor plass på Arkivet freds- og menneskerettighets senter i Kristiansand. Opningstid for publikum er nokre timar ein dag i veka, vanlegvis onsdagar. Elles har sekretæren vore godt tilgjengeleg på mobiltelefon. Laget har og arkiv plass i same bygg. Agder Historielag fekk nye kontorlokale i tilknytning til møterom der det også er bibliotek med PC og digitalt utstyr som er tilgjengeleg for laget sine medlemmar.

Årsmøtet 2021.

Årsmøtet måtte utsetjast på grunn av koronapandemien, og blei halde laurdag 25. september 2021 på Eikerapen gjestegard i Åseral. Det var i alt 67 deltakarar, 46 av desse var delegatar frå medlemslaga.

Dagen starta med velkomst av leiar Birgit Attestog. Elling Eikerapen ønskte velkomen til Åseral og Eikerapen Gjestegard og fortalde om ideen bak og oppbygginga av gjestegarden som eit samlingspunkt for indre Agder. Det var kulturelt innslag med song av Rita Flottorp.

Paul Sveinall fortalde om arbeidet med boka «Ut, opp og fram» - barnevandring på Agder 1720 – 1920.

Audnedal og Landvik historielag presenterte laga sine og fortalte om arbeidet.

Arrangementskomiteen for Vilhelm Krag-jubileet saman med Agder Historielag var saman om eit arrangement/debattkveld hausten 2021. Det var ein presentasjon og eit kort foredrag om dette på årsmøtet. Tittelen var «Og så drider vi i Vesterveien!» og Atle Evje stod for presentasjonen.

Årsmøtesakene med årsmelding, strategiplan, rekneskap, budsjett, auke av medlems-kontingenten og val blei behandla.

Medlemslag og abonnentar.

I Aust- og Vest-Agder er det i alt 52 lokale historielag med omlag 11 600 medlemmar. 42 av lokallaga med 9262 medlemmar er med i Agder historielag. 29 av lokallaga er medlem i Landslaget for lokal historie. Magasinet Egde har om lag 700 abonnentar.

Økonomi.

Det har blitt arbeidd med økonomien og styret har hatt dette som fast punkt på kvart styremøte. I samarbeid med rekneskapskontoret har vi lagt opp rutinar der organisasjonssekretæren har meir innsyn i rekneskapen, noko som er ressursparande. Tilskottet frå Agder fylkeskommune vart auka litt og i 2021 har vi redusert driftskostnadane ennå meir. Samla sett har dette gjort at vi fekk eit lite overskott på drifta.

Heimesida og Facebook.

Agder Historielag har heimeside med adresse www.historielagene.no/Agder. Den har lenker til alle lokallaga som ønskjer det. Organisasjonssekretæren følgjer opp og utviklar denne sida og Facebook sida. Alle som er på Facebook kan søke på Agder Historielag, og legge inn saker av interesse der.

Agders Historie.

Av dei planlagde 7 band er 4 ferdig:

- 1920 - 1945 (Kjell Olav Masdalen, 1991)
- 1840 - 1920 (Bjørn Slettan, 1998)
- 800 – 1350 (Torbjørn Låg, 1999)
- 1641 – 1723 (Ingeborg Fløystad, 2007)

Det som står att:

- 1350 – 1640: Stein Tveite.
- 1723 – 1840: Gustav Sætra.
- 1945 til i dag: Dag Hundstad.

På redaksjonskomiteen 13. november 2019 vart det avtalt nytt møte i mai 2020, men på grunn av pandemien kunne ikkje det gjennomførast og vart utsett. Av same grunn blei det heller ikkje noko redaksjonsmøte i 2021. Leiar og nestleiar følgjer opp dette saman med Berit Eide Johnsen som har vore essensiell i denne komiteen.

EGDE – magasinet for historie og kultur i Agder.

Egde - magasinet kom ut med to nummer i 2021. Redaktør for magasinet var Martin Sturla Ledang. Grafisk Partner stod for grafisk tilrettelegging og produksjon. På slutten av året fekk alle abonnentane boka om barnevandring på Agder, «Ut, opp og fram», i staden for julenummeret av Egde.

Annan aktivitet.

- Representantar for Agder Historielag var med på digitalt landsmøte i Landslaget for lokalhistorie den 12. juni. Arbeidsutvalet hadde sendt framlegg om Birgit Attestog som ny styremedlem etter Helge Dalen, som ikkje tok attval. Ho blei vald for valområdet Vestfold, Telemark og Agder.
- Styret deltok digitalt på ekstraordinært landsmøte i landslaget for lokalhistorie den 18. september. Vi var samla fysisk på kontoret på Arkivet.
- Den tradisjonelle turen gjekk i 2021 til Røros helga i månadsskifte august/september. Ivar Haugen hadde tilrettelagt turen saman med Risdal Touring hadde ansvar som turleiar. Det var to bussar frå Risdal Touring. Dag Magne Johannessen representerte styret på turen og fungerte også delvis som reiseleiar for den eine bussen.

- I samarbeid med Vilhelm Krag-jubileumskomite arrangerte Agder Historielag debatt på Håndverkeren restaurant. Den utfordrende tittelen var «Og så drider vi i Vesterveien?». Dette var paneldebatt med Ann Kristin Olsen som ordstyrar og med musikalske innslag.
- Det vart ikkje arrangert tradisjonelt haustmøte i 2021, dette på grunn av pandemien og restriksjonar knytt til denne. Det var likevel eit samarbeid med UiA om digitalt Agder-seminar.
- Samarbeid om prosjektet "Norsk digitalt fangearkiv" held fram.
- Agder Historielag laga og publiserte podcasten «Agderhistorie» i 2021. Det var fleire episodar om forskjellige lokalthistoriske tema med ulike gjester. Podcasten blei publisert på digitale plattformer.
- Agder Historielag med støtte frå Agder fylkeskommune og Vest-Agder Museet gav ut boka om barnevandring på Agder, «Ut, opp og fram» av Paul Sveinall. Det blei halde fleire møte i samband med planlegging og utgjeving av boka. Leiar og nestleiar hadde 5 heildags arbeidsmøte saman med forfattaren. Arbeidsutvalet har også hatt fleire møte med fylkeskommunen vedkomande utgjeving av boka om barnevandringane. Første opplaget blei utselt og nytt opplag var under planlegging på slutten av meldingsåret.
- Agder Historielag saman med Evje Sogelag, Setesdal Sogelag, Åseral Sogelag og Audnedal Historielag hadde stand på Landbruksmessa «Naturligvis» på Evjemoen helga 13. til 15. august. Det blei selt bøker, verva nye abonnentar og medlemar, og promoterte laga våre.
- Vi har elles hatt god kontakt og samarbeid med fylkeskommunen, Vest-Agder-museet, Aust-Agder museum og arkiv, Statsarkivet, Barnevandringsssenteret på Konsmo, Arkivet freds- og menneskerettighetscenter og UIA.
- Styreleiar av Agder Historielag, Birgit Attestog, blei vald som styremedlem i Landslaget for lokalthistorie. I samband med dette deltok ho og nestleiar, Arna Berg, på 100-årsjubileet på Grand Hotel i Oslo første helga i oktober. Jubileet var utsett frå juni på grunn av pandemien. Det var ei flott helg med mottaking på Oslo Rådhus der kongen var til stades. Oslo kommune v/ordføraren var vertskap. Laurdagen vart det arrangert fagdag på Nasjonalbiblioteket med mange interessante tema. Det var også jubileums-middag i «Speilsalen» på Grand der Edvard Hoem heldt kåseri. Søsterorganisasjonane i nabolanda våre kom med digitale helsingar.

Kongen hadde ytra ønske om å snakke med nokre lokallag om historielagsarbeidet rundt om i landet. Agder. I den samanheng var Agder Historielag representert ved leiaren eitt av fire lag som fekk helse på og snakke direkte med kongen. *Dette var stas!!*

Oppsummering.

Det har gått med ein del tid til organisasjonsbygging og arbeid med rutinar. Både styret og organisasjonssekretæren er godt i gang med årsplanar for møte og arbeidsoppgåver, men koronaåret har lagt ein dempar på aktiviteten. Det har gått med mykje tid saman med Paul Sveinall til utgjeving av barnevandrarboka «Ut, opp og fram», men det har blitt ei flott bok som sel godt.

Birgit Attestog, leiar

Arna Berg, nestleiar

Anne Tone Aanby

Olav Flottorp

Cathrine Horrisland

Hans Petter Østby

Dag Magne Johannessen

Per Christian Giving